

# Fiskets Gang

23 UKE 47  
1983



# Fiskets Gang



Utgitt av Fiskeridirektøren

69. ÅRGANG

Nr. 23 - Uke 47 - 1983

Utgis hver 14. dag

ISSN 0015 - 3133

**Ansv. redaktør:**

*Sigbjørn Lomelde*  
Kontorsjef

**Redaksjon:**

*Vidar Høviskeland*  
*Kari Østervold Toft*  
*Helge Gloppen/Øystein Økland*

**Ekspedisjon:**

*Dagmar Meling*  
*Frøydis Madsen*

**Fiskets Gangs adresse:**

Fiskeridirektoratet  
Postboks 185, 5001 Bergen  
Telf.: (05) 23 03 00

Trykt i offset

A.s John Grieg

Abonnement kan tegnes ved alle poststeder ved innbetaling av abonnementsbeløpet på postgiro-konto 5 05 28 57, på konto nr. 0616.05.70189 Norges Bank eller direkte i Fiskeridirektoratets kassakontor.

Abonnementsprisen på Fiskets Gang er kr. 125.00 pr. år. Denne pris gjelder også for Danmark, Finland, Island og Sverige. Øvrige utland kr. 200.00 pr. år. Utland med fly kr. 250.00.

Fiskerifagstudenter kr. 75.00.

**PRISTARIFF FOR ANNONSER:**

Tekstsider:

1/1 kr. 1900	1/4 kr. 600
1/2 kr. 1100	1/6 kr. 450
1/3 kr. 750	1/8 kr. 350

Andre annonsealternativer  
etter avtale

VED ETTERTRYKK FRA  
FISKETS GANG  
MÅ BLADET OPPGIS SOM KILDE  
ISSN 0015-3133

## INNHold — CONTENTS

<b>Norsk fiskeoppdrett flaggar ut</b> Norwegian fishbreeders establish themselves abroad	655
<b>Norsk bedrift produserer oppdrettsanlegg for eksport</b> Norway exports aquaculture plants	659
<b>Sel – eit aukande problem for oppdrettarar</b> Seals – an increasing problem to fishfarmers	661
<b>Fiskeriforhandlingene i Moskva</b> The Soviet – Norwegian negotiations on fisheries closed	664
<b>Kvalitet og pris avgjørende i USA</b> Quality and price of vital importance in the U.S. market	665
<b>Canadas fiskerier del 4</b> Fisheries in Canada, part 4	667
<b>Statistikker</b> Statistics	673

Redaksjonen avslutta: 24.11.83

Forside: Motiv fra Lofoten (foto: Kari Østervold Toft)



# NORSK FISKEOPPDRETT FLAGGAR UT

Er norsk fiskeoppdrett i ferd med å bli ei ny skipsfartnæring? Dette ser ut til å vera eit revelavant spørsmål etter at det dei siste åra er blitt stadig meir vanleg at norske oppdrettarar «flaggar ut». Fleire av dei fremste oppdrettarane våre siglar no under «bekvemmelighetsflagg», etter å ha etablert seg i utlandet.

Til å byrja med var det helst Skotland og Irland som lokka. Det har faktisk gått egne charterfly med norske oppdrettarar frå Flesland til desse landa for å sjå på aktuelle etableringsområder. Men den sis-

te tida har stadig fleire retta blikket mot det amerikanske kontinentet, USA og Canada.

Dei fleste av dei utflyttarane FG har vore i kontakt med seier dei er redde for tollbarrierer og andre restriksjonar etter kvart som marknaden stramar seg til i framtida, samstundes som dei hevdar at den norske konsesjonspolitikken ikkje gir dei nok armslag.

Norske oppdrettarar har lenge kjempa gjennom sine organisasjonar for å halda på konsesjonsordninga.

Fleire av dei selskapa FG var i kontakt med var svært lite villige til å snakka om sine interesser i utlandet, og fleire av dei norske etableringane har skjedd i «løynd». Vi summerer opp ein del av den aktiviteten som går føre seg på dette området.

Eit av dei norske selskapa som har

engasjert seg sterkast i denne verksemda er Stolt-Nielsen selskapet Seafarm i Bergen. Etter det Fiskets Gang kjenner til har Seafarm eit anlegg nord for Ullapool i Skotland som heiter Sea Farm Polly Ltd. Dette anlegget har i år produsert 200.000 smolt, men det skal byggjast ut til 500.000 med det første.

Seafarm har vidare etablert seg på det amerikanske kontinentet med selskapet Seafarm of Norway Incorpora-

Bli'r norsk fiskeoppdrett ein multinasjonal industri i framtida?





ted. Dette selskapet skal produsera matfisk i USA og setjefisk i Canada. I tillegg er Seafarm engasjert i smoltproduksjon utanfor Seattle. Hos Stolt-Nielsen får vi opplyst at firmaet og kan vera interessert i andre relevante marknader.

Bjørn Myrseth i Seafarm er ikkje villig til å kommentera denne verksemda.

### MOWI

MOWI er direkte engasjert i tre utanlandske prosjekt. Firmaet eig 75% av det irske fiskeoppdrettet FANAD som kom i gang i 1981, og 45% av selskapet ISNO eller NORIS på Island. Desutan har Norsk Hydro, som eig meste parten av MOWI i haust kjøpt eit skotsk selskap, Golden Sea Produce, og som i hovudsak skal konsentrera seg om oppdrett av flatfisk.

Ei samanslutning av Tysnes Laks A/S, Nuen Marinkultur A/S, Marin Kultur A/S og Ask Dampbruk A/S har nyleg danna selskapet Pacs Incorporated, og kjøpt eit eldre anlegg nord for Seattle. Her har dei tenkt å gå i gang med produksjon av atlantisk laks.

Fridjof Wiese Hansen i Tysnes Laks seier til Fiskets Gang at anlegget i utgangspunktet har ein kapasitet på 8000 kubikkmeter.

### Dyrare å produsera i Amerika

– Det er dyrare å produsera laks i Canada og USA enn her i Noreg, men vi er redde for at importrestriksjonar og tollbarrierer på lengre sikt kan avgrensa denne marknaden.

Vi kjem til å satsa på å samarbeida med eksportørar her til lands når det gjeld levering frå dette anlegget.

Den mest interessante staden å starta opp ser ut til å vera i British Columbia, men det ser ut til å vera vanskeleg å trenga gjennom byråkratiet der. British Columbia har og svært strenge reglar for føring av fisk over provinsgrensene, seier Wiese Hansen som i den siste tida har gjort seg svært godt kjent i dette området.

Rolf Olsen, som er ein av medeigarane i Salmonor, har eit godt etablert matfiskanlegg i Stoneaway, Skotland.

### Shetland

Shetland Salmon Producers vart etablert i 1982 av Øystein Meland, Svellingen. Meland er no i ferd med å

## Organisasjonane i oppdrettnæringa åtvarer mot utviklinga



Andreas Blom

Formannen i Norske Fiskeoppdretteres Forening, Andreas Blom, er betenkt over utviklinga.

– Eg trur dei oppdrettarane som nå etablerer seg i utlandet vil møta seg sjølve att i døra om nokre år, ikkje minst på omsetnadssida.

Vi bør heller arbeida for å få ei skikkeleg god og seriøs næring her til lands, i staden for å trekkja ekspertise og ressursar ut or landet, seier Blom som understreker at han uttaler seg som privatperson i denne saka.

– Men er ikkje dette ein konsekvens av at de ikke vil sleppa fri konsesjonane her til lands?

– Vi er slett ikkje mot ei sunn utvikling, og vi må kunna tåla eit jamnt tilsig av nye konsesjonar. Men det skal ikkje store kvanta til før marknaden vort uroleg. Grunnen til at vi vegrar oss mot å sleppa til dei frie krefters spel er at vi frykter kaos, ein alles kamp mot alle, seier Blom.

– Tendensen til å etablere seg i utlandet har utvikla seg over fleire år, og det heile har no kome så langt at oppdrettarar på Vestlandet har chartra fly frå Flesland for å sjå på mulege investeringsobjekt i Irland og Skotland. Det har vore vanskeleg for foreningen å gripa inn, ikkje minst sidan det har vore så mykje hysj-hysj rundt dette.



Odd Steinsbø

Om nokre år vil desse investorene truleg oppdaga at dei gjer seg sjølve ei bjørneteneste, meiner Andreas Blom.

– Betyr dette at det er storkapitalen som etter kvart styrer norsk oppdrettsnæring?

– Storkapitalen er komen inn i næringa for fullt og dersom det blir vanskelege tider på omsetnadssida er eg redd for at desse kreftene vil ta heilt over, avsluttar Andreas Blom.

### Etablering i utlandet skadar norsk eksport

Administrerende direktør i Fiskeoppdretternes Salgslag, Odd Steinsbø er også urolig over utviklinga.

– Dei pengane som no vert investert i utlandet burde heller brukast på å gjera dei norske oppdrettsanlegga betre.

Vi har og plikt på oss til å ta omsyn til dei som driv oppdrett i dei landa vi eksporterer til. Den trenden som no ser ut til å vera på gang i Noreg har gjort fleire av dei utanlandske kollegaene våre bitre og frusterte, og bitterheten går på norsk oppdrett generelt.

Dette er sjølv sagt uheldig og kan føra til problem for norsk eksport, seier Steinsbø.

V.H.



tre ut or dette selskapet på Shetland og nye norske interesser vil venteleg overta. Shetland Salmon Producers har utanom reint matfiskoppdrett og drive med røyking av fisk.

Sekkingstad Preserving, Sotra, oppretta smoltanlegget Orkney Seafood Ltd for eit og eit halvt år sidan. Anlegget produserer i dag 25.000 smolt i året og inkluderer dessutan ein hummarpark. Det er planar om å modernisera dette anlegget til neste år, får vi opplyst hos Sekkingstad.

## Norsk-Britisk

Shetland-Norse Fish Farm Ltd. er eit søsterselskap av Shetland Norse Fish Processing Co. som er ein etablert fiskeforedlingsbedrift på Shetland. Firmaet starta opp for om lag femten år sidan med krabbe og har seinare utvida til ulike fiskeslag. Både moderselskapet og Shetland-Norse Fish Farm er 50% norskeigd og 50% britisk.

Henry Krantz, som står bak Shetland-Norse Fish Farm Ltd., seier til FG at oppdrettet vart starta i beskjeden målestokk ved Myde Yell tidleg i vår. Det vart henta setjefisk frå Skottland og anlegget har no 4.500 smolt. Prøveprosjektet ser ut til å gå bra, og Krantz opplyser at firmaet vil utvida med 20.000 smolt til neste vår.

I denne oversikten tek vi og med at Karsten Ellingsen, Skrova, har sikra seg anleggslokaltetar i Skottland, men det er enno ikkje avgjort når dette anlegget kan koma skikkeleg i gang. Ellingsen tek sikte på å produsera matfisk, i første omgang 200 tonn i året.

FG VIDAR HØVISKELAND

## Thor Mowinckel:

# – Skal man ekspandere, må det skje i utlandet

– Skal man ekspandere innen fiskeoppdrett, må det skje utenlands. Det sier direktør Thor Mowinckel i A/S Mowi i Bergen. I høst har eierne av Mowi kjøpt et oppdrettsselskap i Skottland. Mowi er fra før etablert i Irland og på Island.

Det skotske selskapet – Golden Sea Produce – eies av Norsk Hydro som har 75 prosent eierandel og Compact de siste 25 prosent. Investeringen i Skottland er på 20 millioner kroner.

Mowi-direktøren begrunner utenlandsetableringene med de strenge norske konsesjonsbestemmelsene, som gjør det umulig å utvide levedyktige anlegg utover konsesjonsgrensen. – Men like interessant er den høytteknologi vi har skaffet oss gjennom det skotske anlegget, særlig når det gjelder flatfisk, sier Mowinckel. Alt i år setter Mowi i gang et pilotforsøk med piggvar i Tveitevågen på Askøy. Piggvarforsøkene skal kjøres parallellt med kveiteforsøkene som startet i fjor, i samarbeid mellom Norsk Hydro, Havforskningsinstituttet og A/S Mowi.

Mowinckel sier at hans selskap akter å spesialisere seg nettopp når det gjelder stryking av egg og på å få yngel til å overleve.

– Ved å forene den ekspertise som finnes på flatfisk i Skottland og Norge, håper vi at det skal lykkes å frambringe kveiteyngel utover klekke- og startfóringsfasen, sier han.

Han mener det er galt at norske

myndigheter setter grenser for anlegg som driver godt. Han regner med økende konkurranse fra utenlandske oppdrettere, og at denne konkurransen vil føre til at bare levedyktige anlegg i Norge vil kunne bestå. Ved å sette grenser for en naturlig ekspansjon, går det bare en vei – ut av landet.

Hvilket land vil Mowi kaste øyene på i neste omgang?


– Det vil tiden vise. Vi har tatt et kraftig løft denne gangen, sier han. Han nevner det norske klimaet som en hindring for eksempel for oppdrett av varmtvannsfisk.

Mowi eksporterer 95–100 prosent av produksjonen. I år regner selskapet med å produsere ca. 900 tonn laks i sine to sjøanlegg på Sotra, foruten at selskapet kjøper 1300–1400 tonn fra andre oppdrettere. Årsomsetningen vil nærme seg 100 millioner kroner.

Sjøanleggene på Sotra er på 200.000 og 60.000 kubikkmeter, og ligger i avstengte våger. De ble etablert før kravene til konsesjon kom, og denne formen kan ikke sammenliknes med oppdrett i merer.

Produksjonen i Skottland og Norge skal samkjøres med sikte på å kunne levere kvalitetsvarer jevnt gjennom hele året. Mowis eierandel i det irske fiskeoppdrettet FANAD er 75 prosent, i anlegget på Island ISNO eller NORIS eier selskapet 45 prosent.

FG Helge Gløppen




## Matfiskkonsesjon

Søknadene om konsesjon for oppdrett av matfisk er i desse dagar i ferd med å verta ferdighandsama i dei ulike fiskeristyra. Fiskeristyret i Sogn og Fjordane og i Trøndelag har allereie kome med si tilråding. I dei fleste andre fiskeristyra skal fiskerisjefen si innstilling opp på møte i byrjinga av desember.



## FLEIRE OPPDRETTARAR SIT PÅ GJERDET



Fleire oppdrettarar FG har vore i kontakt med seier at dei og kan tenkja seg å gå i gang i utlandet, og at dei no vurderer situasjonen frå dag til dag.

– Vi har vore rundt og gjort oss kjende med tilhøva både på kontinentet, i Storbritannia og i USA, men førebels set vi på gjerdet, seier Lars Opsøy i Tussalaks på Stranda. Og han legg til at fleire andre tenkjer i same lei.

– Det er frustrerande å sitja på pengar vi ikkje får høve til å bruka i vår eiga næring. Vi har lenge åtvare mot at småkonsesjonane vert haldne nede medan dei kapitalsterke uhemma kan produsera vidare. Dette er ei tåpeleg utvikling, seier Opsøy.

– Ein annan interessant faktor er marknadssituasjonen. Dei 20.000 tonna vi produserer i dag utgjør berre ein brøkdell av den samla lakseproduksjonen i verda. Dersom vi kan få i gang ei rasjonell stordrift og ein lettvindt smoltproduksjon er det ikkje noko i vegen for å produsera laks for femten kroner kiloet. Då er vi brått med og kjempar om ein heilt annan marknad enn den vi har i dag, seier Opsøy vidare.

Harald Kvalheim i A/S Sjølaks, Måløy, vurderer og å etablere seg i utlandet, men førebels er dette

prosjektet berre på tankestadiet, seier han.

– Det ser ut for at dersom ein skal få konsesjon i dag må ein anten vera konkurs eller udugelig. Vi ser tendensen i prioriteringsoppsettet til den komande konsesjonstildelinga. Fleire nedlagde eller trua fiskeforedlingsbedrifter ser ut til å få konsesjon. Dersom oppdrettsnæringa no skal brukast som eit livbelte for bedrifter som skulle vore borte for lenge sidan vil dette vera til uboteleg skade for næringa.

Marknadsføringa innan norsk fiskeindustri har tradisjonelt vore svært så konservativ og her har oppdrettsnæringa vore ein del flinkare. Men på langt nær flinke nok. Vi må berre sjå i augo at ein god del av dei resultatata vi har oppnådd skuldast flaks. Dollaren har til dømes gått opp med 50% dei siste åra, noko som har gitt gode resultat, men det kan ikkje vera rett å tolka slike valutasvingningar som eiga dyktighet.

Det er klart at det finst muligheter når berre 1% av marknadsværdien i næringa blir brukt til marknadsføring. Denne prosentdelen må aukast og eg trur oppdrettarane etter kvart innser dette, seier Harald Kvalheim til Fiskets Gang.

V.H.

## FG — lån og løyve

Karl Hansen & Sønn har fått avslag på sin søknad om tilskudd til nedleggelse av fisketilvirkningsanlegg på Vevang.

Søknaden ble avslått fordi støtte til nedleggelse av anlegget ikke kunne ses å ha noen effekt i retning av å skape en hensiktsmessig og kostnadsreducerende struktur innen fiskeforedlingen i området.

Alfred Brekken, Gravdal, har søkt om tilskudd til nedleggelse av sitt fiskebruk på Kjøy i Ballstad.

Departementet ga i første omgang tilsagn om kr. 100.000 i støtte til nedleggelse. Etter klage fra søkeren er dette beløpet så blitt hevet til kr. 200.000. Ved vurderingen av tilskuddsbeløpets størrelse har departementet lagt vekt på frigjort råstoffkvantum, gjeldsbyrde og den betydning nedleggelsen vil få for andre fiskebruk i området.

Mortsundholmen Fiskeforretning, v/Thorbjørn Pedersen og Ludvig Fagerheim, Mortsund, har søkt om tilskudd til nedleggelse av sitt fiskebruk.

Søknaden er blitt innvilget med et stønadsbeløp pålydende kr. 450.000. Ut fra opplysninger om at det var blitt investert mye i bedriften de siste åra og at det fra departementets side var ønskelig å redusere antall anlegg i Mortsund på grunn av den stor mottakskapasiteten, fant departementet grunn til å forhøye tilsagnsbeløpet fra kr. 300.000 til kr. 450.000.

ØØ

## Ny forhandler

Importøren for GM Detroit dieselmotorer, Berner & Larsen A/S, Oslo, har fått ny serviceforhandler for Vestlandet.

I mai i år skrev firmaet Dieselcontract A/S i Bergen under kontrakten som gav dem service- og reservedelsansvaret for GM Detroit Diesel, fra Karmøy i syd til Romsdalsfjorden i nord.

Totalt disponerer firmaet ca. 900 m<sup>2</sup> lokaler til verksted, delelager og kontorer. Delelageret består i dag allerede av over 7000 forskjellige komponenter og representerer en verdi rundt 2 mill. kroner.



Lunde båtbyggeri:

## Norske bedrifter produserer oppdrettsanlegg for eksport

Norsk fiskeoppdrett er i ferd med å verta ei eksportnæring på reiskapssida og. I desse dagar leverer Lunde Båtbyggeri på Tysnes eit komplett oppdrettsanlegg for eksport til USA. Anlegget i Seattle er eigd av eit norsk selskap som for tida er i ferd med å etablere seg på den andre sida av Atlanteren.

Mannen bak Lunde Båtbyggeri, Erling Hauge Hansen, fortel til Fiskets Gang at bedrifta truleg kjem til å levera fleire slike anlegg for eksport, nye kontraktar er på trappene.

Anlegget som skal eksporterast består av to mærarar på 4000 kubikkmeter kvar og med to fleksible flyteelement. Mellom mæranane går det ein røktargangveg som er 52 meter lang, og i begge endar av anlegget er det ein 9 x 10 m kai. Heile anlegget er laga av galvanisert stål og ingen skøyter er sveiste, alt er skrudd saman på grunn av transporten.

Det litt spesielle flytearrangementet gjer at heile anlegget ligg og duvar i hardt vêr, og difor ikkje har så lett for å knekka saman.

– Firkanta mærar har lett for å knekka i uroleg sjø, medan desse mærposane har betre evne til å følgja sjøgangen. Eit liknande anlegg er levert til Nuen Marin Kultur og der seier dei at dei søv roleg om natta sjølv om det er storm og uvêr, seier Erling Hauge Hansen.


### Foringsautomat

Anlegget som skal gå til Seattle er ikkje utstyrt med foringsautomat. Hauge Hansen fortel at Lunde Båtbyggeri i framtida truleg vil satsa saman med ein foringsautomat som i hovudtrekk er utvikla hos Nuen Marin Kultur A/S. Dette selskapet har alt gitt si tilslutning til ei slik pakkeløysing.


– Trass i frakta til Seattle har kjøparen funne det rekningsssvarande å kjøpa eit norskbygd anlegg?

– Noko av grunnen kan jo vera at kjøparen har gode røynslar med denne typen anlegg, men denne løysinga er faktisk rimeleg å produsera. Dei viktigaste salsargumenta våre er då og stabilitet i hardt vêr og pris.

Anlegget har eit spesielt flytearrangement som gjer at det ikkje knekkar saman i hardt vêr.








Lunde Båtbyggeri har fleire kontrakter på trappene når det gjeld oppdrettsanlegg for eksport.

– Men er det ikkje upraktisk med så store mærposar. Dersom det skulle skje noko vil det vera svært store verdiar som går tapt?

– Dersom det skjer noko er det sjeldan notposen som ryk, men sjølve mærkonstruksjonen. Men denne anleggstypen er ikkje nødvendigvis basert på så store mærposar, det er



– Lunde Båtbyggeri vil satsa meir på akvakultur i tida som kjem, seier Erling Hauge Hansen.

ingen ting i vegen for å produsera eit tilsvarande anlegg med fleire mindre mærar, seier Erling Hauge Hansen.

### Foringsbåt

Lunde Båtbyggeri er ei fersk bedrift i oppdrettssammenheng, og har ikkje markert seg mykje i oppdrettarmiljøet.

– Vi har ikkje hatt korkje tid eller pengar til å reisa rundt på messer der resultatane nok kan vera gode på lang sikt, men der ein kanskje ikkje ser så mykje att av investeringane den første tida.

Til no har vi satsa meir på konkrete reklametiltak og fått god respons på dei, seier Erling Hauge Hansen som legg til at bedrifta med det første likevel har tenkt å gå sterkare ut med marknadsføring og satsa meir på oppdrettsnæringa.

Lunde Båtbyggeri har tidlegare levert andre produkt til norske oppdrettarar. I fjor leverte bedrifta mellom anna ein foringsbåt til eit anlegg på Sotra. Det var ein 36 fots stålbåt stabil nok til å letta forpaller på 900 kg på strak arm utan at båten legg seg over.

– Vi meiner ideen bak denne konstruksjonen er så god at vi utan vanskar kan byggja fiskefartøy eller lystbåtar over same leist. No er det diverre slikt at få kjøper fiskebåtar i dag. Så vi kjem nok til å satsa på oppdrett og lystbåtar i tida som kjem, seier Erling Hauge Hansen til Fiskets Gang.

59 VIDAR HØVISKELAND

## VOLVO PENTA

# Marinediesler

MOTORTYPE:	Syl. antall	Syl.volum liter	kW	Effekt hk/o/mln	Vekt ca. kg
MD11D HD-HE	2	1,12	15	20-2300 <sup>3)</sup>	225 <sup>1)</sup>
MD17D HD-HE	3	1,68	22	30-2300 <sup>3)</sup>	285 <sup>1)</sup>
TAMD 30A	4	2,39	70	95-3250 <sup>2)</sup>	375 <sup>1)</sup>
TAMD 40B	6	3,59	105	143-3250 <sup>2)</sup>	475 <sup>1)</sup>
MD 70C	6	6,73	82	111-2000	800
TMD 70C	6	6,73	119	162-2000	800
TAMD 70E	6	6,73	198	270-2500 <sup>2)</sup>	810
MD 100B	6	9,60	110	150-1800	1140
TMD 100C	6	9,60	175	238-1800	1160
TMD 121C	6	11,98	220	300-1800	1350
TAMD 121 C	6	11,98	270	367-1800	1360


<sup>1)</sup> Vekt m/gear. <sup>2)</sup> Effekt lett kommersiell drift. <sup>3)</sup> Propellakseleffekt. Øvrige: svinghjulseffekt iflg. DIN 6270 B.



MD 70 C



TMD 100 C




TAMD 121 C

## Service • viktig for totaløkonomien

Driftssikkerheten til sjøs er uhyre viktig. Volvo Penta har derfor bygget opp et av markedets beste servicenett. Rundt norskekysten er det 85 Volvo Penta servicestasjoner.

Vi har lang erfaring med dieselmotorer for yrkesbruk og leverer «skreddersydd» komplette fremdriftsanlegg.



Jeg ønsker

brosjyre,  å bli kontaktet.

Navn: .....

Adresse: .....

Tlf.: .....

FORHANDLER

**Bjordal & Madsen A/S**

C. Sundtsgt. 50, 5000 Bergen  
Tlf. 05/32 51 50

**Bjarne Wist A/S**

Innherredsveien 103/108  
Boks 478, 7001 Trondheim  
Tlf. 07/91 56 00

**J. Walberg Gulliksen**

Sørneset, Postboks 1043  
6001 Ålesund. Tlf. 071/26 095

**Chr. A. Jakhelln A/S**

Boks 3, 8001 Bodo  
Tlf. 081/21 070



# Sel – eit aukande problem for fiskeoppdrettarane

**Oppdrettsnæringa har i visse områder langs kysten fått eit nytt problem å hanskast med. Fleire stader har steinkobbe gått til åtak på oppdrettsanlegg og gjort stor skade. Oppdrettarar ser med uro på den sterkt aukande kobbebestanden og meiner at det no er på tide å revurdere fredningsbestemmelsane for denne selarten.**

Rogaland Fiskeoppdretterlag har i eit brev til Fiskeridepartementet gjort greie for dei plagene somme eigarar av oppdrettsanlegg har vorte utsette for. I mange tilfelle er kobben mistenkt for å ha rive hol i nøter og mærar, noko som har medført store økonomiske tap. Rogaland Fiskeoppdretterlag krev no at bestanden av kobbe må reduserast kraftig, ettersom han utgjør eit stort trugsmål mot oppdrettsnæringa.

Formannen i Rogaland Fiskeoppdrettarlag, Anders Romsbotn, seier til Fiskets Gang at det er to store kobbekoloniar i Rogaland. Den eine held til i Lysefjorden, medan ei rekkje dyr er «stasjonert» på holmar og øyar ved Kvitsøy.

## Skadedyr

– Det er den blanke fisken han er ute etter. Kobben er sett i nærleiken av fleire anlegg i distriktet. I desse oppdrettsanlegga er det funne knyttenevestore hol i mærene, og vi er overtydde om at det er kobben som er skuld i skadane, seier Romsbotn.

I november i fjor og i august i år mista Kvitsøyfisk to nøter ved oppdrettsanlegget og i begge tilfella vart kobben observert ikkje langt frå staden. Totalt vart desse tapa kostnadsrekna til ca. 200.000 kroner.

– Denne kolonien som har sitt utspring i Lysefjorden er dessutan i ferd med å vandra utover i fjorden og kobben vart stadig observert ved nye anlegg. Bestanden er no vorten så stor at han ikkje finn næring inne i fjorden og av den grunn er kobben på vandring til nye beiteområder. Kobbeplaga har etter kvart vorte eit stort problem for oss oppdrettarar, og vi meiner at noko må gjerast snarast råd for å redusera bestanden. Vi har ikkje tid til å venta, understreka Romsbotn, som ikkje har fått sitt eige oppdrettsanlegg skadd på grunn av kobbe.

Ved Forskningsstasjonen for ferskvassfisk på Ims har kobben funne seg ein attraktiv beiteplass i og rundt elvemunninga der det står forsøksfisk på veg opp til ei fiskefelle. Tilsette ved


forskningsstasjonen seier til Fiskets Gang at dei stadig ser kraftige merke av kjevebit i fisken som ikkje kan stamma frå anna enn kobbe. I godt og vel to år har kobben streifa omkring også i dette området, og han er stadig oftare å sjå ved elvemunningen ved forskningsstasjonen.

## Totalfreda

Alle selartar er totalfreda sør for Stad. I Kgl. res. av 13. april 1973 heiter det at «Det er forbudt å jage, fange eller avlive sel av alle arter på norskekysten fra svenskekysten til og med Sogn og Fjordane fylke. På norskekysten fra og med Møre og Romsdal fylke til grensen mot Sovjetsamveldet er det forbudt å jage, fange eller avlive sel av alle arter i tiden fra 1. mai til og med 30. november».

Sjølv om kobben altså er totalfreda i området sør for Stad er det likevel heimel i lova til å avliva dyr som gjer skade på fiskereiskaper i sjøen. Slike skadevaldande dyr kan avlivast av eigar eller brukar av reiskapen, eller av vedkomande som har tilsyn med han. Sel som held til i vassdrag der det går laks, sjøaure eller sjørøye kan avlivast heile året.

Fiskeoppdrettarar langs kysten har altså rett til å fella dyr som det er grunn til å tru har gjort skade på oppdrettsan-





legg. Unnataket frå fredningsbestemelsane gjeld også for skadedyr som har valda skade på oppdrettsanlegg. Anlegg for oppdrett av matfisk kjem altså innanfor desse vedtektene på lik linje med andre fiskereiskapar i sjøen.

### Trugande

No er likevel situasjonen den at oppdrettarar kjenner seg truga av den stadig aukande bestanden av kobbe somme stader, sjølv om kobben ikkje har gjort nokon skade. Difor er enkelte

fanga eller avliva sel ved bruk av line, garn, saks, ruse eller andre feller. Det er forbudt å bruka skytevåpen med glatt løp eller å gjera nytte av hakapik eller slagkrok til avlivinga. Avlivinga av sel i samsvar med vedtektene skal straks rapporterast til lensmann eller politi.

### Betre kontroll

Forskar Arne Bjørge seier til Fiskets Gang at det no er sterkt ønskjeleg med eit reguleringsprogram liknande det ein har nord for Stad, men ein føresetnad

tilrådt å fella 1000 steinkobbe og 1200 havert over ein femårsperiode. Til no er det avliva 582 steinkobbar og 318 havert. Alle stader nord for Stad, bortsett frå i Froan naturreservat, er det lov å avliva sel i jakttida. Froan er eit senter for havert på Norskekysten. Merking av havert har synt at ungar frå dette området har spreidd seg på kysten frå Nordfjord til Salten. Det syner seg at haverten slår seg til på nye stader og gjev opphav til nye bestandar.

### Fellingsprogram

Dei fellingsprogramma som har vorte gjennomførte har stogga veksten i desse områda. Likevel er det grunn til å tru at selbestandane langs norskekysten aukar trass i nedskytinga. Det syner seg også at havertbestanden langs kysten vert rekruttert frå andre farvatn, som t.d. frå Storbritannia. Fleire individ som er fanga i Rogaland er merkte i Storbritannia. Havert frå dei britiske øyane er funne så langt nord som Sogn.

I Nordland har selen gjort uboteleg skade. Frå fiskarhald i fylket vert det hevda at nedskytingsprogrammet er ein total fiasko. Dei største konsekvensane er at fisken er ubrukeleg på grunn av kveis.

### Omfattande kveis-problem i Nordland

I Froan-området er rusefisket slutt. Også her er kveis-problemet omfattande. Dei fleste klagene i Finnmark kjem frå Tanafjorden og Laksefjorden. I tillegg til kveisproblem, har også selen gått til åtak på seisteng ved Nordkyn med store tap som resultat.

Selplaga skapar store problem for fiskerinæringa langs heile kysten. Og fiskarane spør seg: Kva skal vi med ein selbestand? Kven er han til glede for? Det er lenge sidan selen hadde nokon avgjerande økonomisk verdi for folket på kysten.

ØYSTEIN ØKLAND



oppdrettarar i Rogaland av den oppfatning at det bør verta generelt løyve til å felle kobbe som held til i nærleiken av og trugar oppdrettsanlegg. Etter det Fiskets Gang har grunn til å tru har avlivinga av kobbe i slike tilfelle ikkje funne stad. Men faren for ei ukontrollert nedskyting er til stades dersom kobbeplaga auke i tida framover. Ved Forskningsstasjonen for ferskvassfisk på lms har dei no sett seg lei på desse dyra som streifar omkring med jamne mellomrom og det vert gjeve uttrykk for ein stigande vilje til å skyta desse kobbane i området. Til no har likevel felling ikkje funne stad.

### Lov for avliving

I lova for avliving av sel på Norskekysten heiter det at det berre kan nyttast skytevåpen med rifla løp av kaliber 5,6 millimeter eller større. Det er forbudt å

må vera ei «skikkeleg» lovgjeving. Arne Bjørge ønskjer ein betre kontroll med fellinga av selen, og det er gode grunnar for å vurdera dei gjeldande vedtektene.

– Eg forstår godt den situasjonen som fiskarar og folk i oppdrettsnæringa i Rogaland står ovanfor. Vi er klar over desse problema og at det må til ei lovending slik at kobbebestanden i området kan reduserast, seier Arne Bjørge.

På eit møte som vart halde i Fiskeridirektoratet i slutten av oktober kom det signal om at reguleringsbestemelsane for sel langs norskekysten om kort tid vil verta reviderte, men neppe før på nyåret.

### For mykje sel

I alle kyststrok er ein samde om at det er for mykje sel. Nord for Stad er det

# Abonner på Fiskets Gang



# Fiskeriforhandlingene i Moskva avsluttet

Den 12. sesjonen i Den norsk-sovjetiske fiskerikommisjonen ble avholdt i Moskva i dagene 14.-18. november. Etter relativt harde og vanskelige forhandlinger kom partene til enighet om en fiskeritavtale for 1984.

Av en totalkvote på 260 000 tonn torsk ble Norge tildelt 80 000 tonn pluss 40 000 tonn norsk kysttorsk. Sovjetunionen ble tildelt 80 000 tonn pluss 40 000 tonn murmanskorsk. Tredjedelen får fiske 20 000 tonn torsk, hvorav 4 000 tonn forutsettes tatt i Svalbard-området, og 16 000 tonn i norsk sone og sovjetisk sone.

Begge parter uttrykte stor bekymring over den stadige reduksjonen i torsk- og hysebestanden, men det ble samtidig vist til de gode årsklassene av torsk og hyse i 1982 og i 1983.

Når det gjelder hyse ble totalkvoten satt til 40 000 tonn, hvorav Norge kan fiske 18 000 tonn og Sovjetunionen det samme kvantum. Partene ble enige om en kvote til tredjeland for hyse på inntil 4 000 tonn. Avtalen innebærer at Sovjetunionen har gitt samtykke til å tildele Norge 60 000 tonn torsk av sin kvote i 1984. Partene ble enige om, dersom det blir nødvendig, å se på mulighetene for gjensidige overføringer for torsk, hyse og andre fiskeslag i løpet av 1984.

På fiskerikommisjonen i Moskva ble partene også enige om en rekekvote på 2000 tonn til Norge i sovjetisk sone. Sovjetunionen får adgang til å fiske 385 000 tonn kolmule i Jan Mayen-sonen og i Norges økonomiske sone. Dette er 100 000 tonn mindre enn i år. Når det gjelder selfangst vil kvotene i Vesterisen bli som i 1983. Kvotene i Østisen ble satt til 18 000 dyr for norske fangstfartøy, også som i 1983.

Fisket med garn, line og håndredskap bør begrenses av begge parter, med hensyn til de fastsatte kvoter og bestandssituasjonen. Både Norge og Sovjetunionen vil gjennomføre reguleringstiltak i 1984 med sikte på å oppnå

slike begrensninger i fisket. Partene ble enige om at de innen rammen av Den blandete norsk-sovjetiske fiskerikommisjon vil fortsette arbeidet med å videreføre de langsiktige reguleringstiltak for torske- og hysefisket i Barentshavet.

Den totale loddekvoten ble satt til 1,5 millioner tonn, fordelt med 600 000 tonn vinterlodde og 900 000 tonn sommerlodde. Norske fiskere kan fiske 360 000 tonn vinterlodde og 540 000 tonn sommerlodde i 1984. Sommerloddekvoten kan bli redusert med ca. 10%

dersom forskningsresultatet viser at dette er nødvendig. I løpet av sommeren 1984 skal havforskerne gjennomføre nye undersøkelser av loddebestanden, og på grunnlag av disse resultatene skal partene drøfte en mulig endring av kvoten for sommerloddefisket.

Dersom den ene parten under vinterloddefisket finner at den ikke vil utnytte sin kvote, skal den overføre restkvantumet til den andre parten. Det var enighet om at hver av partene kan tildele inntil 20 000 tonn lodde til tredjeland av sine nasjonale kvoter.

Ø.Ø.

Den russiske forhandlingslederen V. K. Zilanov (t.h.) og sjefen for avdelingen for industrielt fiske V. I. Tsukalov i den sovjetiske delegasjonen.



En del av den norske delegasjonen under forhandlingene i den 12. sesjonen i Den blandete norsk-sovjetiske fiskerikommisjonen i Moskva.



## FISKERIDIREKTORATET



### FØRSTEKONSULENT/ KONSULENT – VIKARIAT

I Fiskeridirektoratet, Kontoret for driftsøkonomiske undersøkelser, er det ledig et vikariat i 9 måneder som førstesekretær/konsulent. Arbeidsområdet er lønnsomhets- og statistikkundersøkelser for fiskeoppdrett. Søkere bør ha høyere økonomisk utdannelse.

Stillingen lønnes etter l.tr. 17-22 i statens lønnsregulativ med kr. 108.177/136.126 pr. år etter kvalifikasjoner. Fra lønnen trekkes 2% innskudd til Statens pensjonskasse.

Nærmere opplysninger om stillingen kan fås ved henvendelse til kontorsjef Nybø, tlf. 23 03 00 linje 464.

Søknad mrk. «79/83» med bekreftede avskrifter av vitnemål og attester sendes Fiskeridirektoratet, Personalkontoret, postboks 185, 5001 Bergen, innen 10.12.1983.

## HVALFANGSTBEDRIFTENS SIKRINGSFOND

kan gi økonomisk støtte til tidligere arbeidstakere på norske hvalfangstekspedisjoner. Støtte kan gis inntil fylte 70 år.

Betingelsene for støtte er: Minimum 6 sesongers tjeneste på norske ekspedisjoner, deriblant sesongen 1958/59 eller senere.

Maksimum støtte er for tiden kr. 4.700,- pr. måned for enslig med tillegg av kr. 950,- pr. måned for 1. person å forsørge og kr. 500,- pr. måned for de øvrige personer.

Tidligere arbeidstakere på norske ekspedisjoner som har lavere inntekter, medregnet sykepenger, attføringspenger og andre inntekter, kan søke om støtte fra fondet. Støtten vil bli differansen mellom maksimumstøtten og eventuelle inntekter og trygder.

Søknadsskjema fås på sjømannskontorene eller ved henvendelse til Hvalfangstbedriftens Sikringsfond, postboks 188, 3201 Sandefjord (telefon 034 - 63 466).

STYRET

## Avtale mellom Spania og Marokko

Spania og Marokko har inngått avtale om spansk fiske i den nyetablerte 200 miles økonomiske sonen til Marokko, en avtale som ser ut til å bli dyr for Spania.

Den spanske regjeringen skal betale 40% av de sterkt økte avgiftene for fiske i marokkanske farvann. Disse avgiftene kommer trolig til å bli økt med ytterligere 70% over en fireårs periode: 25% med tilbakevirkende kraft fra 1. august i år, videre 15% 1. juli 1984, 15% 1. januar 1985 og endelig 15% til 1. januar 1986. For de 1200 spanske fartøyene som fisker i dette området, vil totalen komme opp i nesten 1600 mill. pesetas for den marokkanske regjering.

Den spanske regjering har også gått med på å gi et lån på 150 mill. dollar. Tilbakebetalingen skal skje over 25 år til 4% rente og 8 års avdragsfrihet. Pengene skal først og fremst brukes til arbeid i Agadir havn og infrastrukturen der. Bare spanske firma skal delta i arbeidet. Spania skal dessuten gi kreditter på i alt 400 mill. dollar til Marokko. 25% skal brukes til utviklingsprosjekt, de resterende 75% skal brukes til å fremme spanske produkt og spansk service i Marokko. Avtalen gjelder i fire år, men det er gitt åpning for forhandlinger dersom Spania blir medlem av EF.

Spanske myndigheter mener avtalen er fordelaktig for dem, blant annet fordi fiskerne fra Lanzarote nå igjen får muligheter til å fiske sardiner på gode fiskeplasser de har vært utestengt fra i lengre tid.

(World Fishing)

## Fg — nytt om navn

### Viggo Jan Olsen

tar fem nye år som assisterende fiskeridirektør. Han ble utnevnt i statsråd 25. november.

Det var to søkere til denne stillingen. I tillegg til Viggo Jan Olsen hadde Bjarne Rysstad fra Kristiansand søkt.

Viggo Jan Olsen tør være godt kjent i norsk fiskerinæring. Han er siviløkonom fra NHH, har arbeid både i Norges Råfisklag, Norges Levendefisklag, Norges Fiskeriforskningsråd og i Norges Fiskarlag. Olsen er 46 år gammel.

køt



RAPP-HYDEMA GRUPPEN I USA:

# Kvalitet og pris avgjørende

Av Werner Wilh Dallawara

**– Det er ikke den geografiske beliggenheten for bedriften som er avgjørende for salget av norskproduert utstyr til kunder i USA. Da teller snarere den kvaliteten, pris og leveringsdyktigheten vi kan oppvise.**

Det er Rapp Hydema-gruppens stedlige representant i Seattle, Edin Ramberg (28) som sier dette til Fiskets Gang. Siden 1980 har Ramberg – sammen med salgssjef Bjørn Aaselid og medspillere i Norge ivare tatt bedriftens interesser på USAs vestkyst.

Rapp-Hydema-gruppen som har hovedkontor i Bodø, solgte ifjor 80 til 90 prosent av sine produkter til utlandet. I hovedsak til kunder i USA, Island og Færøyene. I år har firmaet også fått interessante avtaler med kunder i Danmark og på Grønland. Innen november i år skal Rapp-Hydema levere fem store spesiallagde snurpevinsjer til et chilensk fiskeriselskap. Ordren representerer en salgsverdi på 3 millioner kroner.

Rapp Hydema, som har sitt utspring fra Rapp-motoren, er i dag i verdens-toppen i produksjon og salg av dekkstrutning for fiskefartøyer. Bedriften hadde i fjor en omsetning på 55 millioner kroner og har nå totalt 180 ansatte. Sammen med Nordlandsbanken har bedriften kjøpt 50 prosent av aksjene i det nye selskapet Rapp Bomek som er produsent av branndører for offshoremarkedet.

## Salg og service

Rapp Hydema-gruppen har nå et omfattende salgsnett i flere land verden over, og foruten eget salgskontor i Seattle har man også salgs- og serviceavdeling i Aberdeen i Skottland. Produksjonen av dekkstutyr for større

båter foregår i Bodø, mens Rapp Hydema Syd i Gressvik tar hånd om mindre spesialproduksjon av dekkstrutning for ulike formål og fartøyer. I tillegg har Rapp en produksjonsavdeling i Misvær som lager gear til flere bruksområder. Som nevnt har Rapp Hydema A/S sitt utspring fra den hederskronte Rapp-motoren som også åpnet en egen motorfabrikk for motorproduksjon i Bodø i 1959. I 1960 opphørte imidlertid motorproduksjonen av Rapp-motoren for godt i Norge og virksomheten i Bodø ble langsomt, men sikkert tilpasset produksjon av fiskepumper og hydraulisk dekkstutyr for fiskeflåten. Utstyr som ble brukt til å sette og hale fangstredskaper.

